

Lars Perstølen Reinton

Reintonvegen 30
3576 HOL

Vår ref	Deres ref	Dato	Delegert til	Delegert
2025/2660-5	2025/8963-2	02.06.2025	Utvalg for plan og utvikling delegert	359/25

4/1/0/0 Søknad om godkjenning av plan for nydyrking

Saksopplysninger:

Føretaket Lars Perstølen, org. nr. 979 996 624, søkte 06.05.2025 om godkjenning av plan for nydyrking på gnr 45 bnr 2 ved Stasjonsvegen mot Hol stasjon.

Søkjær har kjøpt gnr 45 bnr 2 som tilleggsjord med tanke på oppdyrking, og har dyrka opp 27 da her tidlegare – dette er ei utviding av fullført dyrkingsfelt.

Perstølen driv aktivt sauehald på gnr 4 bnr 1 m.fl. med 350 vinterfôra sau og 7 ammekyr. På søkjær si driftseining er det i dag på totalt 842 da, kor av 62 da er fulldyrka jord, 9 da overflatedyrka jord, 68 da innmarksbeite, 648 da produktiv skog og resten utmark og anna areal. I tillegg eig han 31 da fulldyrka jord i nabokommunen Ål. Dei 27 da som alt er oppdyrka er ikkje registrert i kartgrunnlaget ennå, og kjem i tillegg.

Modernisert og utvida driftsbygning, men har alt for lite dyrka jord i høve til det store driftsomfanget. Han har dyrka ein del siste åra, men treng meir dyrka jord for å sikre drifta, m.a. fordi han har mista tilgang på leigd dyrka jord.

Feltet ligg på skogsmark og anna jorddekt fastmark, som ligg nedanfor bilvegen. Arealet som skal dyrkast no er på 22 da og er markert på vedlagt utsnitt frå NIBIO AR5 gardskart. Arealet skal fulldyrkast ved gjennomgraving med gravemaskin, for grovfôrproduksjon og mogeleg også beite.

Etter driftsvegen er det eit bekkesig som går vidare ned på hogstflata. Det er eit blautare parti som omtalt i søknaden, men det er ikkje tale om myr. Dyrkinga kjem ikkje i konflikt med bekkesig og opne vassårer. Mykje lyngmark og mose, parti med nyttbare beiteplanter men oppfyller ikkje krav til innmarksbeite i dag. Hogstavfall er stort sett rydda bort.

Ein er ikkje kjend med at det er annan sti /ferdselsåre over området. Tiltaket endrar kulturlandskapet noko ved oppdyrking av skogsareal. Stein og røter vert grave djupt ned, eller køyrte saman i røys på egna stad. Det vert grave steinkanalar djupt ned for å sikre bereevne på ferdig dyrka areal. Open grøft i øvre kant og mot aust. Det er planlagt godt for grøfting og åtkomst /drift.

Det er ikkje kartlagd særlege natur- og miljøverdiar i Naturbase. Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i Askeladden og gardskart frå NIBIO. På grunnlag av synfaringa og kjennskap til området meiner kommunen at det er svært lite potensiale for at det skulle finnast ukjende kulturminne på arealet som er søkt dyrka. Søknaden vart sendt på høyring til fylkeskommunen 08.05.25 og dei svarte i brev av 20.05.25 at dei ikkje kjenner til kulturminne i området og at det ikkje er trong for ytterlegare undersøkingar. Dei ber om at standardvilkår vert teke inn ift. evt funn av ukjente kulturminne. Det kom ikkje merknadar frå Hol historielag eller nabo.

Tilhøve til overordna plan:

Området er i kommuneplanen avsett til ordinært landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) og tiltaket er i tråd med føremålet.

Miljøkonsekvensar:

Ingen kjende registreringar av natur- og miljøverdiar. Tiltaket er vurdert å ikkje ha potensial for å kome i konflikt med dei omsyn naturmangfaldlova §§ 8-12 skal ivareta.

Vurdering:

Føremålet med nydyrkingsforskrifta er at nydyrking skal skje på ein måte som tek omsyn til natur- og kulturlandskap, § 1. Jamfør § 5 fyrste ledd, skal det leggjast vekt på kva verknader tiltaket kan rekna med å ha for natur- og kulturlandskapsverdiane. Ved denne vektlegginga skal ein ta omsyn til om det på arealet er sjeldne miljøverdiar og evt. kor sjeldne miljøverdiane er. Det skal for øvrig leggjast vekt på å sikre driftsmessige gode løysingar. Søknaden skal vurderast etter naturmangfaldlova § 8-12, også etter føre-var prinsippet.

Sakshandsamar synfarte dyrkingsfeltet i september 2022. Det er stor helling frå Stasjonsvegen, mykje stein og tett skog. Granskog med høg bonitet øvst og middels bonitet lenger ned. Ein attgrodd traktorveg går om lag parallelt med bilvegen, og driftsveg for hogstmaskin går rett nedover langs vestre kant av eigedomen.

Flyfoto frå 1963 syner at det var tett barskog også den gongen, dette samt ØK frå 1970 talet tyder på at arealet alltid har vore skog og utmark. Det vert mindre helling lenger ned, og flatar kraftig ut. Som ortofoto frå 2020 syner er skogen hogd når ein kjem eit stykke ned, det er ikkje hogd noko sidan då. Det var ingen teikn til automatisk freda kulturminne, verken i skogen eller på hogstflata nedanfor. Foto frå synfaringa er registrert på saka. Terrengmodell syner også at det ikkje er teikn til nokon hol eller haugar som er potensielle kulturminne.

Arrondering av dyrka jord vert god, sjølv om det er stor helling og truleg mykje stein mot Stasjonsvegen. Det er planlagt å utbetre /bygge traktorveg langs tre kantar av feltet, åtkomst er frå kommunal veg der det i dag er eigna møteplass ved avkøyringa og god sikt på rett strekk.

Kommunen meiner søkjaren har funne ei god løysing på plan for nydyrking, og understreker at dette er gardbrukar som satsar på sauehald med eit omfang som i dag ligg er mykje større enn det som er vanleg (over 3 årsverk). Det er trong for meir grovfôrareal til slått for å styrke grovfôrgrunnlaget på gardsbruket, slik at ein ikkje treng å vere så avhengig av leigejord, samt

som tryggleik i år med avlingssvikt. Det er mindre kostnad og meir effektivt å dyrke opp jord i nærleiken.

Dersom det er aktuelt å tilføre massar utanfrå garden må ein ha avtale med entreprenør om dette, likeins kven som er ansvarleg for eventuell stein som må fjernast etter dyrkinga, om det vert fylt på dårlege massar, eller om det er andre tilhøve som spelar inn på jordkvaliteten etter at tiltaket er utført.

Dersom det vert/skal fyllast masse som svarar til ei høgd på minst 3 meter frå opphavleg terreng, må ein også søkje om løyve etter plan- og bygningslova før ein byrjar. Søkjar og entreprenør er i slike tilhøve ansvarlege for at det berre vert fylt på reine massar (ikkje avfall, betong, trevirke el.l.) og at overflatevatn ikkje endrar fart og retning slik at det gjer skade på naboeigedomar.

Det er viktig at søkjar noterar ned oppstartsdato for nydyrkinga. Felta som er godkjent for oppdyrking må målast opp og merkast med pinnar i terrenget før nydyrkingsarbeidet startar, slik at ein ikkje går ut over godkjent område. Ved fullført nydyrking skal kommunen varslast slik at ei kan gjere ei synfaring med oppmåling og endeleg godkjenning av arealet, slik at det kan leggjast inn på kart og naudsynete databaser.

Vedtak:

Hol kommune gir med heimel i §§ 1 og 4 i Forskrift om nydyrking, Lars Perstølen, org.nr. 979 996 624 løyve til å fulldyrke 22 da hogd skogsmark på gnr 45 bnr 2, slik det går fram av vedlagt kartutsnitt. Det er fastsett vilkår for løyvet.

Grunngjeving:

Det er ved godkjenning av tiltaka lagt vekt på at dyrkinga ikkje vil ha vesentleg negativ innverknad på natur og miljøverdiar, jamfør § 5 og 3 i forskrift om nydyrking. I tråd med § 1 i jordlova er det elles lagt vekt på at nydyrkinga vil styrke driftsgrunnlaget på driftseininga. Søknaden er vurdert etter §§ 8-12 Naturmangfaldlova, og tiltaket medfører ikkje at dei omsyn som er nemnt i lova vert sett til side. Det er ikkje trong for særskild konsekvensutgreiing.

Vilkår:

1. Søkjar er ansvarleg for å notere dato nydyrkinga byrjar.
2. Ytterkantane av godkjent dyrkingsfelt skal målast opp og merkast med pinnar i terrenget før dyrkingsarbeidet vert starta. Det gjeld også i eigedomsgrenser der det er aktuelt. Det skal vere minst 0,5 meter avstand mellom dyrkingsfelt og eigedomsgrense. Steingardar, gjerder og grensemerker (marsteinar) skal ikkje skadast.
3. Dersom det under anleggsarbeid vert treft på automatisk freda kulturminne, eksempelvis i form av helleristingar, brend leire, keramikk, flint, groper med trekol og/eller brend stein, slagg etter jernframstilling osv., skal arbeidet straks stoppast og fylkeskommunen varslast, jf. lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50, (kulturminnelova) § 8.

4. Det skal takast omsyn til at overflatevatn ikkje endrar fart og retning slik at det gjer skade på naboeigedomar, freda kulturminne, vassdrag eller miljøverdiar. Om nødvendig må ein grøfte med røyr, avskjæringsgrøfter, profilering for å unngå slike skader.
5. Det skal gjerast tiltak for at vassdrag ikkje vert ureina med finstoff og masse ved avrenning frå dyrkingsarbeidet.
6. Ved nydyrking skal det setjast att ei vegetasjonssone på 2 meter mot vassdrag utan årssikker vassføring.
7. Røter og stein skal gravast djupt ned i jorda, eller deponerast på høveleg stad i rydningsrøys i kanten av dyrkingsfeltet dersom det høver betre. Plasseringa av røter og stein i overflate skal vere slik at det ikkje er til sjenanse for naboeigedomar.
8. Dersom søkjar ikkje sjølv skal utføre nydyrkinga bør ein ha privat avtale med entreprenør om dette, likeins kven som er ansvarleg for eventuell stein som må fjernast etter dyrkinga eller ekstra arbeid dersom det vert fylt på dårlege massar/vert setning (sig) el.l. Søkjar og entreprenør er ved slike høve ansvarlege for at det berre vert fylt på reine massar (ikkje avfall, betong, trevirke el.l.).
9. Dersom det skal lagast skjeringar eller fyllast på masser tilsvarende høgd meir enn 3 meter over eksisterande terreng, må ein søkje om løyve etter plan- og bygningslova.
10. Dyrkingsfeltet skal ved fullføring opparbeidast i samsvar med vanleg jordkultur, stein skal fjernast og arealet gjerast klart for bruk. Kommunen skal varslast slik at ein kan synfare tiltaket med oppmåling og endeleg godkjenning av arealet, før registrering i digitalt kartverk. Nydyrkinga er ikkje fullført før dette er gjort.
11. Godkjenninga fell bort dersom tiltaket ikkje er påbyrja i vesentleg grad innan 3 år etter at løyvet er gitt.

Høve til å klage

Vedtaket kan klagast på til statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus.

Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen vedtaket kom fram. Klage vert å sende til Hol kommune, Ålmannvegen 8, 3576 HOL. Eit søksmål eller erstatningskrav kan ikkje fremjast utan at klageretten er nytta, jf. forvaltingslova § 27b.

De må opplyse kva for vedtak de klager på, endringar de ynskjer, og dei grunnar klagen støttar seg på. Klagen må vera underskriven. De vert og bede om å opplyse når vedtaket vart motteke, om det er uklart om klagefristen har gått ut.

Sjølv om det er høve til å klaga, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks. De kan søkja om å få utsett iverksetjing til klagefristen er ute, eller til klagen er handsama. Vedtak om utsatt iverksetjing kan ikkje klagast på.

Med helsing

Kamilla Holberg Mjøsund
Leder plan og utvikling

Håvard Holeplass
Rådgiver landbruk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen underskrifter

Vedlegg

- 1 20250506_164837_385_45-2_plan_for_aa_dyrke__del_2.pdf
- 2 20250506_165210_774_Ferdig_dyrka_45-2.pdf
- 3 20250506_164933_291_Avkoeyring_fra_veg.jpg

Kopi til:

BUSKERUD FYLKESKOMMUNE

Hauges gate 89